
Vår referanse 2020/78122-2
Dato 28.12.2020

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjonssøknad tilkomstveg - Fv 5308 - Gnr 318 bnr 36 - Sagstad øvre - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling infrastruktur og veg syner til brev motteke 01.12.2020 der de ber om uttale til søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for tilkomstveg.

Kva saka gjeld

Alver kommune har motteke søknad om dispensasjon frå gjeldande plan for tilkomstveg til gnr. 318 bnr. 36. I gjeldande plan har eigedomen tilkomst via den røde stripla linja på figur 1. Samstundes har eigedomen tinglyst vegrett via veg merka med grøn linje.



Figur 1: Tilkomst


Planstatus

Eigedomen er regulert i reguleringsplanen for Solhaug, gnr. 18 bnr. 14 m.fl., med planID 125620080002. Tilkomstvegen markert i grønt i figur 1 er regulert i reguleringsplan for Tua, med planID 125620060007.

Uttale

Vi er positive til at det vert dispensert frå reguleringsplan for å nytte tilkomstveg i aust med tinglyst vegrett og bruksrett på følgande vilkår:

- Avkøyrsla må opparbeidast i tråd med reguleringsplan for Tua, med sikt til fylkesvegen på 10 x 60 m.
- Det må også opparbeidast sikt til fortau på 20 x 8 meter i tråd med figur 2



Figur 2: Sikt til gang- og sykkelveg

Handbok N100 stiller krav til sikt mellom gang- og sykkelveg og avkøyrsla på 20 x 8 meter. Handboka omtalar ikkje sikt til fortau eksplisitt. Sikt til fortau og tryggleik for syklende og gåande i tilknytning til dette er ei tilbakevendande problemstilling hjå oss som vegmynde. Ettersom strekninga frå omsøkte eigedom til Sagstad skule er skuleveg, og fortauet vert nytta av både gåande og syklende, innehar fortauet funksjon som gang- og sykkelveg. Vi ser det difor naudsynt å stille likelydande krav til sikt til fortau langs Sagstadvegen for å ivareta tryggleiken til skuleborna.

Vi ser det også som positivt for bumiljøet at det ikkje vert opna for gjennomkøyring.

Vi ber om å få saka til klagebehandling når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Kari Elster Moen
Senioringeniør

Silje Svanevik-Røren
Rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift